



## Møte i fylkesberedskapsrådet om krigen i Ukraina

**Deltakarar:** Fylkesberedskapsrådet i Vestland

### Innleiing v/Gunnar Hæreid

Då vi møttest for ein måned sidan hadde eg eigentleg ikkje tru på at det skulle bli krig i Ukraina, men der tok eg feil. Statsministeren seier at vi kan stå overfor den største og mest alvorlege humanitære katastrofen i Europa sidan andre verdskrig. Det er særleg to tema som har vore aktuelle for oss dei siste dagane; flyktnings situasjonen og atomtrusselen.

Vi veit at straumen av flyktingar er enorm, og det er uvisst kor mange som vil ta seg til Noreg. Situasjonen er uoversiktleg, uavklart og i rask endring, men vi må vere budde på at det kan kome mange. Dette vil føre til stor belastning på kommunane. Vi hadde nettopp eit møte med kommunane om flyktnings situasjonen, der UDI og lmdi svarte godt ut spørsmål frå kommunane.

### Atomproblematikken v/Monica Dobbertin, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA)

DSA følgjer situasjonen i Ukraina tett, og gjer fortløpande vurderingar av behovet for tiltak i Noreg. Per i dag er det ikkje meldt om radioaktivt utslepp i Ukraina og det er heller ingen andre land som har rapportert om auka verdiar av radioaktivitet. Samstundes er situasjonen krevjande. Russiske styrkar har teke over kontrollen av området rundt Tsjernobyl, i tillegg til kjernekraftverket i Zaporizhia. Det kan òg sjå ut som om dei er på veg mot eit område nord for Odessa der det er eit kjernekraftverk.

På grunn av avstanden til Ukraina og den totale utsleppsfaren ved reaktorane i landet, reknar DSA med at det ikkje vil vere aktuelt å sette i verk tiltak knytt til jod-tablettar og «innmelding» i Noreg. Grunnlaget for etablering av beredskapen med jodtablettar i kommunane i 2018 var risikoen knytt til reaktordrivne fartøy rundt norske kysten, i tillegg til atomreaktorar nærmare Noreg (på den tida inkludert reaktorane på Kjeller og i Halden).

Ved eit eventuelt utslepp i Ukraina er det i all hovudsak tiltak i matproduksjonen som kan vere aktuelt. Mattilsynet er medlem i Kriseutvalet for atomberedskap og følgjer opp denne problemstillinga.

*For utfyllande informasjon frå DSA sjå vedlagt presentasjon.*

### Orientering om situasjonsbiletet

Heimevernet, politiet og PST gav orienteringar om dagens situasjon. Hovudkonklusjonen er lik som ved førre møte; sjølv om det er ein spent situasjon i Europa er det ikkje grunn til å frykte at det vil føre til krig i Noreg. Etterretningsaktivitet retta mot Noreg er på «normalt» nivå (det vil seie høgt nivå jf. [nasjonal trusselvurdering](#)).



Politiet og Forsvaret har godt samarbeid og følger situasjonen tett.

Aktørane i rådet vert minna på NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik. Desse finn ein her: <https://nsm.no/regelverk-og-hjelp/rad-og-anbefalinger/grunnprinsipper-for-ikt-sikkerhet-2-0/introduksjon-1/>

## **Flyktnings situasjonen v/Belen Birkenes, UDI**

Så langt har det kome 700 asylsøkarar til tilkomstsenteret på Råde. Dette er per i dag den einaste staden dei kan registrere seg. Per i dag er det god kapasitet på Råde, men det vert arbeidt med å auke den sidan det er venta stor auke i talet flyktningar framover. I tillegg til dei som kjem til Råde, er det mange som har kome til Noreg på eiga gand, og oppheld seg rundt om kring i kommunane. Det vert arbeidt med å få på plass regionale registreringstilbod.

Dei som kjem er i hovudsak kvinner og barn, og ein del eldre. Det vil truleg kunne bli ein stor jobb for barnevernstenesta, sidan mange av dei som kjem er mindreårige utan foreldre. I tillegg vil kommunane få ein stor jobb med å følge opp med t.d. helsetenester og plass i barnehage og skule.

Det vert arbeidt med å få på plass ein god del avtalar om mottaksplassar i Vestland. UDI vil orientere om desse så fort dei er avklart med kommunane.

Det vil vere krevjande viss mange kjem som turistar og ikkje registrer seg som asylsøkarar.

*Birkenes hadde ein utfyllande presentasjon om situasjonen i kommunemøtet tidlegare på dagen. Vi legg den presentasjonen ved referatet.*

Røde kors orienterte i møtet om at dei ønskjer å bidra ute i kommunane knytt til mottak av flyktningar. For å bidra mest mogleg effektivt treng dei litt tid på å førebu seg. Det vart avtalt at dei skal dele sitt budskap med Statsforvaltaren som igjen vil syte for å formidle det til kommunane.

## **Oppfølging frå Statsforvaltaren v/Haavard Stensvand**

### Kommunikasjon

#### *Temaside*

Vi har oppretta ei eige temaside på heimesidene våre. Der har vi samla relevante lenker, informasjon, referat frå møte i Vestland og nyhendesaker som vi publiserer om krigen i Ukraina og tryggleikssituasjonen i Europa: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/tryggleikssituasjonen-i-europa/>.

Vi oppdaterer fortløpande med aktuelle lenker og informasjon, og håper sida kan vere til nytte. Vi set stor pris på innspel frå fagetatane og organisasjonane i rådet om aktuelt stoff å publisere der. Målgruppa for informasjonen er primært kommunane, men vi veit at media følger veldig godt med på kva vi legg ut.

#### *Gradert informasjon*

Nasjonale styresmakter har jamleg samvirkekonferansar på gradert nivå. Vi har framleis ikkje



videoutstyr som er godkjent for det, og vi har derfor fått viktig hjelp av politiet som gir oss tilgang via deira utstyr.

Dersom det er etatar som ikkje har tilgang til system for gradert e-post, har vi det og vi kan hjelpe til med å ta i mot gradert informasjon på vegner av andre.

### Tryggleiksklareringar

Vi vil starte opp eit arbeid med å tryggleiksklarere nøkkelpersonell i kommunane. I første omgang vil vi klarere kommunedirektørar/rådmenn. Så langt i krisa har vurderinga vår vore at ugradert informasjon frå opne kjelder har gitt tilstrekkeleg bakgrunnsinformasjon til at vi skal kunne ha ein fornuftig og god dialog med kommunane om oppgåver, men det kan endre seg.

Vi oppmodar medlemene i fylkesberedskapsrådet om å gå gjennom eigne tryggleiksklareringar og autorisasjonar. For arbeidet i rådet sin del, bør både hovudmedlem og varamedlem vere klarert. Kvar organisasjon bør vurdere kor stort behovet er elles, men det er i alle fall viktig å unngå at det vert så få som er klarert og autorisert at det gir ei sårbarheit i ei vanskeleg tid.

### Bruk av fylkesberedskapsrådet

#### *Jamlege møte i FBR*

Det vil vere nødvendig å møtast med jamne mellomrom. Vi har så langt ikkje lagt opp til ein fast frekvens på møta, men vi tek gjerne i mot synspunkt på det. Vi ber òg om at de framleis har ein låg terskel for å føreslå møte viss de meiner at situasjonen tilseier det.

#### *Særmøte med HV, politi, PST og Sivilforsvaret*

Vi må vurdere "Need to know" opp mot "Nice to know", og har behov for ein meir tett dialog med nokre etatar enn andre. Politiet, PST, Heimevernet og Sivilforsvaret er blant dei vi oftast treng å kunne dele gradert informasjon med.

#### *Særmøte UDI*

Kontakten med UDI og IMDi vil òg vere svært viktig framover.

#### *Jamlege møte med kommunane*

Etter mønster frå handteringa av pandemien, kjem vi til å ha møte med kommunane kvar torsdag kl. 13.30-14.30. Vi ber om å få beskjed om det viss nokon i rådet ønskjer å følgje møta, så sender vi invitasjon.